Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 09.12.2024
Vår ref: 2018/1943
Dykkar dato:
Dykkar ref:

OFS Måløy AS
Postboks 5
6701 Måløy

Saksbehandlar, innvalstelefon
Grete Hamre, tlf. 57643141

Rapport etter tilsyn hjå OFS Måløy AS - Barstadvik

Kontrollnummer: 2024.300.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne under tilsynet den 31. oktober 2024 med OFS Måløy AS (organisasjonsnummer: 985 672 911) sitt landbaserte akvakulturanlegg på lokaliteten Barstadvik.

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har manglar ved internkontrollen for ytre miljø

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

OFS Måløy AS må snarast rette opp avviket. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding innan 1. februar 2025, som viser korleis de har retta avviket, og/eller ein tidfesta handlingsplan for å rette det som eventuelt står att.

De må betale gebyr

OFS Måløy AS må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding frå dykk på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med saksnr. 2018/1943.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik: Verksemda har manglar ved internkontrollen for ytre miljø

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 andre ledd, punkt 1-8
- Verksemda sitt løyve etter forureiningslova av 20.12.2018, vilkår 2.6 og 10

Om krava

Internkontrollforskrifta

Verksemder som er omfatta av forureiningslova har plikt til å etablere og gjennomføre internkontroll knytt til det ytre miljøet. Internkontrollforskrifta set krav om å gjennomføre systematiske tiltak for å nå måla i helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga. Krav til innhald og dokumentasjon er gitt i § 5 andre ledd, punkt 1 - 8.

- *Punkt 1: Regelverk knytt til ytre miljø*
  Verksemda skal syte for at HMS-regelverket som gjeld for drifta ved anlegget, er tilgjengeleg for alle tilsette dette er relevant for. Verksemda skal ha oversikt over krav som er særleg viktige for aktivitetane.

- *Punkt 2: Opplæring og kompetanse*
  Verksemda skal syte for arbeidstakarane har tilstrekkeleg kunnskapar om og opplæring i det systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeidet, inkludert informasjon om endringar.

- *Punkt 3: Medverknad*
  Verksemda skal syte for at arbeidstakarane medverkar slik at den samla kunnskapen og røynsla blir utnytta.

- *Punkt 4: Mål for ytre miljø*
  Verksemda skal fastsetje mål for ytre miljø.

- *Punkt 5: Organisasjon og ansvar*
  Verksemda skal ha oversikt over organisasjonen , inkludert korleis ansvar, oppgåver og styresmakt for arbeidet knytt til ytre miljø er fordelt.

- *Punkt 6: Miljørisikovurdering*
  Verksemda skal kartlegge farar og problem som kan ha noko å seie for det ytre miljøet. Med bakgrunn i fareanalysen skal de vurdere miljørisiko og utarbeide planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

- *Punkt 7: Rutinar*
  Verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekk, rette opp og førebygge brot på krav som er fastsette i eller er heimla i miljølovgivinga.

- *Punkt 8: Gjennomgang av internkontrollen*
  For å sikre at internkontrollen fungerer som føresett, skal verksemda på ein systematisk måte overvake og gå gjennom internkontrollen som gjeld ytre miljø.

Utsleppsløyvet
Kravet til internkontroll og beredskap knytt til ytre miljø er også nedfelt i vilkår 2.6 og 10 i verksemda sitt utsleppsløyve.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda har eit elektronisk internkontrollsystem som ser ut til å vere utarbeidd for å tilfredsstille krava i forskrift om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgivinga (IK-akvakultur). Denne forskrifta inneheld om lag dei same elementa som IK-HMS, jf. § 5 andre ledd, punkt a) til g). Det er Fiskeridirektoratet og Mattilsynet som er styresmakter etter IK-akvakultur, høvesvis etter akvakulturlova, og matlova og dyrevelferdslova.

Under tilsynet la verksemda fram ein del dokumentasjon knytt til internkontrollsystemet, t.d. *Mål for internkontroll* (Dokument-ID: 93, *Kjemikaliehåndtering* (Dokument-ID:108), *Kontroll av tetthet, vannstrøm, CO_2, NH_3 og spesifikt vannforbru*k (Dokument-ID: 143 og V*arslingsliste* (Dokument-ID:210). Det vart også lagt fram eit dokument kalla *Risikovurdering for kontinuerlig produksjon – Vannkvalitet og fiskevelferd* som var utarbeidd av konsulentselskapet STIM, og verksemda si eiga risikovurdering.

Statsforvaltaren er styresmakt etter forureiningsregelverket, som utgjer M-en i IK-HMS og som gjeld for alle verksemder som sysselset arbeidstakarar.

I dokumentasjonen som vart lagd fram under tilsynet, kunne vi ikkje finne at ytre miljø var ein integrert del av internkontrollen. Verksemda må utvide systemet til også å gjelde ytre miljø, det vil seie å gå gjennom aktivitetane og oppdatere IK-dokumenta slik at dei er i samsvar med krav i IK-HMS § 5 andre ledd, punkt 1-8.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at OFS Måløy AS - Barstadvik må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 1 for tilsyn som varer inntil ein dag og er gitt på bakgrunn av ressursbruken som har gått med eller er forventa. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr som vart gitt

under tilsynet og i e-post i etterkant, og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage
De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør vere skriftleg grunngjeven, og han skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert teken til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av OFS Måløy AS sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er del av ein nasjonal tilsynsaksjon med landbaserte akvakulturanlegg og er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Grete Hamre
- Åsmund Skancke Karlsnes

Kontaktperson hos verksemda:

- Trond-Inge Kvernevik

Anlegg

Tilsynet omfatta OFS Måløy AS i Kinn kommune.

- Lokalitet 39117 Barstadvik
  - *Barstadvik, matfisk (4602.0239.01)*
  - *Barstadvik II, settefisk (4602.0291.01)*

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Utsleppskontroll for utslepp til vatn
- Reinseanlegg
- Internkontroll
- Slamhandtering
- Miljøovervaking

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) og tilhøyrande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta)
- Anlegget sitt løyve etter forureiningslova (utsleppsløyvet), datert 10.12.2018

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Årsrapportering til Statsforvaltaren om utslepp til vatn frå 2023
- Miljøgranskingar:
    - «Miljøovervåkning ved Måløy og omkringliggende vannforekomster 2023» Felles overvakingsprogram Måløy – Raudeberg
    - «MOM-C resipientundersøkelse av Ulvesundet vinteren 2003» - Eco-Farm landanlegg – forundersøking i to punkt i bassenget utanfor anlegget og bassenget utanfor Ulven
    - Kvalheim & Osmundsvåg AS – sjøanlegg i vika ved dagens OFS Måløy AS

- Internkontrolldokumentasjon, m.a. delar av risikoanalysen, skriftlege rutinar for utsleppskontrollen, i hovudsak knytt til fiskehelsevasskvalitet og rømming

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Om oppskalering av produksjonen
I utsleppsløyvet har verksemda ei produksjonsramme på inntil 15 000 maksimal total biomasse (MTB) med eit stipulert fôrforbruk på 16 500 tonn per år. Produksjonen skal i hovudsak gå føre seg i resirkulasjonsanlegg (RAS), men med siste tida i gjennomstrøymingsanlegg. I løyvet er det sett reinsekrav for avløpet, og utsleppsgrenser for organisk stoff og næringssalt (KOF, BOF_5, TN og TP).

Frå 2023 har anlegget vore drifta som eit pilot-anlegg med svært låg produksjon (ca. 14 tonn fisk), utan reinsing av avløpsvatnet eller oppsamling av slam. Pilot-anlegget har mellombels fritak frå reinsekrava og utsleppsgrensene i løyvet, jf. e-post frå Statsforvaltaren ved Gunn Helen Henne datert 11.11.2022. Verksemda har krav om å halde Statsforvaltaren orientert om planar for oppskalering av produksjonen.

Vilkåra om miljøovervaking og reinsing som er sette i utsleppsløyvet frå 2018, er tilpassa dei totale utsleppa som de har fått løyve til. Desse krava må stettast før anlegget vert sett i ordinær drift med større produksjon, vanlegvis rekna som over 200-250 tonn/år, slik at anlegget sin miljøverknad i Ulvesundet også er akseptabel når utsleppa aukar.

Verksemda må levere eit overvakingsprogram før neste fase jf. punkt 12.2 i løyvet.

I utgangspunktet hadde verksemda planar om å etablere eit fiskeslakteri og anlegg for vidare bearbeiding av slakta fisk. Desse planane er no skrinlagde.

Om grensene for utslepp som er sette i løyvet
Statsforvaltaren i Vestland har i lengre tid arbeidd med kunnskapsinnhenting, standardisering av utrekningar av utslepp og vurdering av oppnådd utsleppsreduksjon / effekt av reinsetiltak i

landbaserte akvakulturanlegg. Det er viktig at forventningane til effekten av reinsetiltak er realistiske, og at utsleppsløyva har utsleppsgrenser på rett nivå samanlikna med påreknelege utslepp til miljøet.

Tilsynet ved dette akvakulturanlegget er gjort i samband med ein nasjonal tilsynsaksjon. Data frå aksjonen, i lag med data frå spørjeundersøking, vil inngå i Miljødirektoratet sitt arbeid med å føreslå standardiserte krav til landbaserte akvakulturanlegg.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil, i tråd med offentleglova, vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Grete Hamre
tilsynsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

- Kinn kommune